

Navn på tiltakshavar: Karin Brakstad Gaustad

Gnr/bnr: Gnr 39 bnr 3

Godkjent kostnad kr 61.800,-

Løyvd tilskot kr 30.900,-

---

### **Arbeidsrapport:**

Startdato: 31.03.12

Sluttdato: 03.03.13

Tal timar eige arbeid: 397

Tal timar leig arbeid: 0

### **Felt 1 Beite mot sjøen, Havn og Neset.**

Gjerdet skulle setjast i grensa mellom bruk 3 og 2. Her var det tett småskog, og ein del store trær, så for å finna rette traseen måtte det ryddast ei gate på ca 10 meter frå sjøen og langs heile grensa opp mot innmarka til bruk nr 2. Der det tidlegare har vore dyretråkk/ sti vart det sett opp grinder.

Gjerdet mot Havn var enklare å setja opp da det her var mindre tilgrodd. Her vart det sett opp to kjøregrinder slik at det skulle vera mulig å komme fram med traktor til innmark (frå Sjøvegen). I Sjøvegen er det sett opp to kjøregrinder da det vil være biltrafikk gjennom beitet.

### **Utfordringar:**

Det er ikkje mulig å kjøre fram til grensa, så alt materiell måtte berast fram, gjennom til dels ganske blaut myrområde. I Neset har det tidlegare vore avstandsregulering av skog, mykje av desse greinane/trea var enno ikkje rotne og måtte ryddast i haugar før ein kunne setje opp gjerde.

Det måtte ryddast ein sti frå skogsveg og fram til Neset, sidan alt gjerde materiell måtte berast fram til grensa .

### **Felt 2 oppsida av veggen mot Gaustadfjellet:**

Deler av denne traseen har tidlegare vore inngjerd. Her var ein del gamal netting og piggråd som måtte rivast opp og fjernast. Ein del gjerdemateriell blei kjørt opp skogsvegen, mens resten blei bore opp. Mykje overgrodd her også så det vart ein del meir rydding enn venta. På denne teigen er det sett opp to portar i Botnen (gjennomgang for fjellfolk), og 4 portar langs nedre del.

### **Utfordringar:**

Gjerde langs hovudveg måtte også skiftast ut på enkelte parti. Her vart det ei stor utfordring da Kraftlaget på si linjerydding hadde kasta greiner på og over det gamle gjerdet. I tillegg hadde Vegvesenet hatt grøfterydding og kasta slagg oppå greinene. Alt dette måtte fjernast, i tillegg til gamal netting/ piggråd før ein kunne setja opp nytt gjerde.

**Kva nytte vil du ha av det arbeidet du no har gjort?**

Ein vil få to gode inngjerda beite til sau. Felt 2 vil bli nytta som vår/haust beite, medan Felt 1 som består av ein god del lyng, gras og anna vegetasjon vil vera eit utmerka vinterbeite. Tiltaket vil derfor i tillegg til beite, vera til nytte for å hindra gjengroing av marka.

**Leigd arbeid:**

Me har ikkje nytta leigd arbeid. Har brukt mykje av fritida på dette arbeidet – i tillegg til at vi har sett på det som god trening i skog og mark.

Spesifisert timeliste er vedlagt.

**Økonomi:**

Vedlagt liste over innkjøpt materiell.

Med helsing

Gaustad, 22.11.2014



Karin Gaustad

Bilete av prosjektet vil bli sendt på mail.